

Uskedelingen Joakim Myhre Eik (22) er ein av dei 12 som har gått inn i Big Brother-huset og skal opphalda seg der i 100 dagar. Kva deltakarane gjer og seier blir nøye registrert og formidla av den nye kanalen TV2 Bliss. Det er no 10 år sidan denne omdiskuterte serien vart lansert for fyrste gongen.

Joakim er pleiemedhjelpar til dagleg og i eit grundig intervju blottlegg han seg sjølv. Han er singel og karakteriserer seg sjølv som snill, omsorgsfull, positiv og tålmodig. Når han blir bedt om å peike på dei sterke sidene sine. På spørsmålet om svake sider svarar han at han ikkje likar å krangle.

Hobbyen hans er musikk og favorittartist Johan Olav Nilsen og gjengen. Favorittboka hans er Trist som faen og favorittmaten sushi. Han trur ikkje at han kjem til å ha sex i BB-huset og har eit avslappa forhold til alkohol.

Han blir spurt om han kjem til å spela i huset og svarar etterkvart, men han vil helst unngå det. Å ta vare på dei rundt han er svaret hans når han blir spurt kva for verdiar som er viktige for han. Han klarer seg ikkje utan smykker og armband og vil investera i bil og leilegheit hvis han vinn.

Av Ola Matti Mathisen